



Får dei tur til Stord også neste år?

Tysdag var Uskedalen skule med på Tinstafetten på Stord som så mange år før. Men det kunne berre skje fordi sponsorar og framfor alt då helselaget var velvillige. Budsjettet er barbert. Det er difor svært uvisst om det vert noko deltaking neste år, konstaterer lærarane som var med dei spreke og treningsvillige elevane. Dei vil svært gjerne delta og konkluderte på heimvegen med at dei må skjerpa seg på vekslingane neste år. I fjor var ikkje sjetteklassingane snauare enn at dei gjekk heilt til topps, men fullt så bra gjekk det ikkje denne gongen.
30 elevar frå Uskedalen var med. Turen kosta 7500 kroner og 6000 vart dekt av helselaget, 1000 av Uskedalen Eigedom og 500 av Byggeriet.



Uskedelingar på Stord 1

Dette er ein stafett best eigna for sprintarar med åtte 200 meter lange etappar. Friidrettsgruppa i Stord IL står bak og det deltek rundt 500 elevar frå heile Sunnhordlandområdet. Frå Kvinnherad var også Husnes med og det viktigaste målet for uskedelingane i 7A var å slå dei. Det klarte dei, og då spela det ikkje så stor rolle at det vart tredje plass!.



Uskedelingar på Stord 3

- Vi er fornøgde sjølv om vi tapte på slutten, seier elevane og peikar på at dei forbetra tida si frå 4,27 til 4,15 - frå sjetten til sjuande klasse. Det er eit resultat av treningsvilje det siste året. seier lærar Åse Neset tjø uskedalen.no. For 7B gjekk det ikkje så bra.

Sjetteklassa kom på andre plass etter Leirvik. Dei låg i teten heile løpet men tapte på slutten.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat



Uskedelinger på Stord 2